

Misjonsprosjekt-

Sak til menighetsmøte 12. april 2026

Klepp sokneråd har vedteke å fornye misjonsengasjementet vårt, og at vi framleis vil samarbeide med NMS.

Det er mange i Klepp som har eit engasjement for NMS, men mange av desse ser òg behovet for å knyte dette nærare til kyrkjelyden i tida framover.

Soknerådet har sett ned ei arbeidsgruppe og gjeve henne mandat til å førebu aktuelle land/prosjekt som kyrkjelydsmøtet kan velje mellom.

Arbeidsgruppa har hatt hjelp frå Nils Endre Eikeland (tilsett i NMS) og Hans Austnaberg (regionkontakt i NMS).

Basert på innspel frå NMS har arbeidsgruppa valt følgjande kriterium for val av land:

1. Lokalt engasjement frå før i Klepp kyrkjelyd
2. Fleire ulike prosjekt slik at vi kan spisse inn mot ulike grupper i kyrkjelyden, og at det både er kyrkjelege prosjekt (misjon/evangelisering) og meir allmenne (bistand/fattigdomsbekjemping/skule/helse/jordbruk), slik at det er større moglegheit for å få med ulike delar av bygda
3. Moglegheit for besøk og kontakt med landet. Samstundes må dette sjåast opp mot klimaavtrykk. Dessutan finst gode digitale verktøy for å halde kontakt
4. Sjå misjonsprosjekt i samanheng med eiga kyrkjelydsutvikling. Misjon går begge vegar

Basert på desse kriterium har arbeidsgruppa valt ut tre alternativ:

Eitt land utanfor Europa, eitt land i Europa, og ein kombinasjon av to land.

Alternativ 1: Kamerun

1. Svært sterkt lokalt engasjement i Klepp med fleire tidlegare misjonærer og fleire som framleis har eit aktivt engasjement i landet
 2. Fleire ulike prosjekt: Use Your Talents (støtte til at lokale kyrkjelydar engasjerer seg lokalt), misjon, bibelskule, utdanning, sjukehus/helse, fattigdomsbekjemping, media-arbeid og miljø
 3. Ikkje det mest tilgjengelege landet. Litt langt og dyrt å reise, men mogleg å besøke. Det er allereie etablert god kontakt
 4. Mange tilknytingspunkt til eige arbeid
-

Alternativ 2: Frankrike

1. Ikkje så sterkt engasjement frå før
 2. Fleire ulike prosjekt, mellom anna innan kyrkje, misjon, ungdom, studentarbeid, klima/berekraft, og byggje nettverk mellom land
 3. Lett tilgjengeleg. Kort reise og ikkje så dyrt
 4. Nokre tilknytingspunkt, særleg knytt til ungdomsarbeid, det å vere kyrkje i eit sekularisert samfunn.
-

Alternativ 3: Egypt og England

Nokre kyrkjelydar vel to land. På den eine sida kan det vere positivt å vere engasjert i så ulike land og kulturar. På den andre sida kan det vere vanskelegare når vi må spreie merksemda på to stader, i staden for å kraftsamle om eitt land.

1. Eit visst engasjement knytt til Egypt
 2. Dette er to svært ulike land med ulike prosjekt
 - **Egypt:** fokus på unge kvinner, ungdom, Sat-7 (kristen TV-kanal), bibelarbeid
 - **England** (Carlisle, nordvest-England, samarbeidsbispedøme med Stavanger): ungdomssatsing og kyrkjeplanting
 3. England er lett tilgjengeleg. Egypt er meir uvisst når det gjeld besøk
 4. Fleire tilknytingspunkt: ungdomsarbeid, kyrkjelydsutvikling, evangelisering
-

Les meir om dette på www.nms.no/prosjekter.

Der finn du presentasjon av dei ulike landa og kva prosjekt som finst i kvart land.